

## 5 feil i energidebatten

Det er ikkje uvanleg at vi har debattar med feilaktige påstandar, men energidebatten er likevel ganske spesiell. Både frå offentlege organ, forskarar, politikarar, næringslivet og organisasjonar kjem det påstandar om energi som til dels er feilaktige, mangelfulle eller teke ut av sin samanheng, slik at summen blir misvisande og fører til feilslåtte og skadelege vedtak. Skjult bakom påstandane kan vi finne næringspolitikk, kommunale håp om betre økonomi, forskarar på jakt etter finansiering og politikarar som skal vise handlekraft. Naturvern får tronge kår i eit slikt landskap, og det er urovekkande kor vanskeleg det er å løfte blikket og sjå nye og framtidsetta alternativ til det aukande energiforbruket.

Vi opplever ei intens kampanje for å byggja ut meir kraft og fleire kraftliner i Noreg og spesielt Midt Noreg, med argumentasjon om at dette er den einaste vegen for å unngå kraftkrise og høge prisar på energi og for å redusere utsleppet av klimagassar. Lat oss sjå på eit knippe av dei påstandane som blir brukt i denne debatten, og som dannar grunnlag for ytterlegare nedbygging av norsk natur.

**Feil 1.** *”Noreg har underskot av elektrisitet og må importere atomkraft og kolkraft”.*

Gjennom debatten blir det skapt inntrykk av at det er energimangel i Nore, men statistikk frå NVE (Norges Vassdrags- og Energidirektorat) viser at i perioden juni 2004 – mai 2010 eksporterte vi 4% av den norske kraftproduksjonen. Når vi ser eit par år i samanheng, har Noreg alltid eksportert elektrisitet.

Vasskraft er enkelt å regulere, og grovt sett er det slik at kraftselskapa eksporterer når det er behov (høgare prisar) i utlandet og importerer ved andre tidspunkt for å dekke norsk behov. På same vis som vi importerer atomkraft og kolkraft i visse tidsperiodar, eksporterer vi vasskraft til erstatning for atomkraft og kolkraft i andre tidsperiodar. Dette reknestykket går i vår favør, slik at vi totalt sett bidrar til å redusere bruken av forureinande kraftproduksjon i utlandet.

**Feil 2.** *”Vi må ha fleire kraftliner for få tryggare kraftsituasjon og unngå utkopling”.*

Det blir sagt at energisparing er viktig, men bidraget frå dette er så lite at vi også må ha nye kraftverk. Det internasjonale energibyrået IEA seier tvert om at energisparing er det viktigaste, og at alle medlemslanda, også Noreg skal halvere energibruken gjennom energisparing/ energieffektivisering. Fleire norske utgreiingar (Lavenergiutvalgets innstilling, ENOVAs industrisutgreiing m.fl.) viser at dette også er mogleg i Noreg, slik at i løpet av få år kan vi spare tilstrekkeleg energi til å fjerne dagens problem med kraftunderskot i visse periodar, utan nye kraftliner, og utan ny kraftproduksjon.

To eksempel på korleis vi kan finansiere slik energieffektivisering utan å leggja nye pengar på bordet:

Dei mobile gasskraftverka for reservekraft på Tjeldbergodden kosta 2,3 mrd, og den miljøskadelege kraftlina Ørskog Fardal skal koste 2 mrd. Brukt som tilskot til energieffektivisering i Midt Noreg kan desse beløpa utløyse tiltak for å frigjera minst 9 TWh eller 25% av dagens forbruk. Med slik energisparing blir det raskt slutt på alle problem med energiforsyninga i Midt Noreg. Utrekninga er basert på Enovas støttenivå som ligg rundt 0,2 – 0,5 kr/ spart kWh.

Dei sterkt omdiskuterte kraftlinene gjennom ytre delar av Midt Noreg og gjennom Hardanger skal koste 2,9 og 1 milliard kroner. Då er det rimeleg å spørja kor mykje kraft vi kan få frigjort i

Bergensområdet ved å bruke 3,9 milliardar i tilskot? Er Hardangerlina nødvendig når det finst slike alternativ?

Ei sterk satsing på energieffektivisering vil også styrke næringslivet, både gjennom mange oppdrag og ved at bedriftene får fortrinn gjennom energieffektiv produksjon, ny teknologi og ny kunnskap.

Å byggje ei kraftline tek 8 - 10 år frå melding til ferdig line, mens investering i energieffektivisering ofte går vesentleg raskare, vel og merke utan dei store naturinngrepa som følgjer med kraftlinene.

Det er på tide Statnett bruker stønad til energieffektivisering som alternativ til investering i nye kraftliner og reservekraft for å oppnå stabil energiforsyning. I begge tilfelle får vi tilstrekkeleg energi, men det er openbart kva som er det beste alternativet for samfunnet, og ikkje minst for naturen.

**Feil 3:** *"Vi må ha ny kraft for å sikre oss nok energi. Vi får ikkje nok gjennom energisparing".*

Som vist i førre punkt er potensialet for energieffektivisering enormt, både på kort og lang sikt. Kraftoverskotet blir så stort at vi både kan elektrifisere sokkelen, gå over til elektriske bilar og gjennomføre andre tiltak for å erstatte fossilt drivstoff med elektrisitet, og likevel sitje att med enorme kraftoverskot som vi kan bruke til ny industri eller eksport. Potensialet for energisparing i Noreg er større enn det som blir rekna som det totale potensialet for vindkraft langs kysten (40 TWh). Økonomisk gir det også stor gevinst å satse på energieffektivisering framfor vindkraft, når vi får 2 – 4 gongar så mykje energi pr investerte krone i effektivisering enn i vindkraft.

Ny kraftproduksjon kjem i tillegg til frigjort energi, og konklusjonen er at all ny kraftproduksjon i Noreg vil gå til eksport. Då må vi spørja om det er rett av Noreg å byggje ned kystnaturen og dei siste restane av vassdragsnaturen når det einaste resultatet er at vi eksporterer meir energi. Dersom målsetjinga er å eksportere fornybar energi til Europa, er havbasert vindkraft eit betre alternativ som gir vesentleg større kraftmengder, og med vesentleg mindre naturinngrep enn vindkraft på land.

Teknologien er ferdig utvikla for havvindkraft på grunt vatn, og fleire selskap har søkt om konsesjon for utbygging i sørlege del av Nordsjøen. I dette området har Lyse energi og Fred Olsen Energy søkt om anlegg på 9 TWh, og avstanden er kort til dei som skal ha energien.

**Feil 4:** *"Vindkraft er rein, miljøvennleg energi".*

Til skilnad frå andre land, blir vindkraft på land i Noreg nesten utelukkande planlagd i inngrepsfri natur. Dette er i sterk konflikt med norsk målsetting om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010, når vi veit at den viktigaste årsaka til tap av biologisk mangfald er tap av naturområde. Eit vindkraftanlegg er eit arealmessig stort naturinngrep med vegar på kryss og tvers som drenerer og stykkar opp landskapet. Det er stor menneskeleg aktivitet for vedlikehald og drift, og for mange artar er dette eit tapt eller sterkt forringa leveområde. Her snakkar vi ikkje berre om havørn og andre fuglar som blir slått i hel, men om dyr og plantar totalt sett. Mange vindkraftanlegg har fått konsesjon langs kysten av Midt Noreg, og det kan bli fleire, også sør for Trondheimsfjorden. Totalt sett kan dette bli det største og mest skadelege planlagde naturinngrepet i Midt Noreg i vår tid.

**Feil 5:** *"Grøne sertifikat er eit godt klimatiltak".*

Grøne sertifikat er ei form for premiering av utbygging av fornybar energi som blir betalt av forbrukarane gjennom høgare pris på straumen. Slik sertifikata blir utforma for Noreg og Sverige, er

det grunn til å tru at mesteparten av støtta vil gå til allereie lønsam utbyggingar av småkraftverk, og slik sett gje lite ny energi. Dersom ein også vil ha utbygging av havvindkraft, bølgekraft eller solenergi, må ein gradere sertifikatata og gje vesentleg meir til slike kraftformer enn til vasskraft. Slike graderte sertifikat er ein del av systemet i Storbritannia.

Det største problemet er likevel at det ikkje er lagt opp til premiering av energieffektivisering, sokalla kvite sertifikat som vi kan finne i Danmark, England og Tyskland. Med slik premiering er det interessant for kraftselskapa å investere i energisparing. Vi kan tenkje oss at Trønderenergi bankar på døra til ei bedrift og tilbyr seg å bidra til investering i energisparing ved bedrifta, mot at TE får dei kvite sertifikatata. Dette blir lønsamt både for TE, bedrifta og for samfunnet, og vil frigjera energi. Både Energi Norge og andre tunge aktørar ønskjer at det blir innført ei slik ordning med kvite sertifikat.

Konklusjonen er at dersom vi skal få ei god verknad både for klima, natur og samfunnsøkonomi, må systemet rundt dei grønne sertifikatata bli lagt om, med premiering av energieffektivisering på like vilkår med ny energi, og med gradering av sertifikatata, slik at det kan bli lønsamt med havvindkraft, solenergi og bølgekraft. Slik ordninga ser ut til å bli utforma, vil den gje lite ny energi og samtidig føre til eit press på ytterlegare nedbygging av norsk vassdragsnatur.

Mads Løkeland

Naturvernforbundet i Sør Trøndelag